

Forskrift om skuleregler i Rauma kommune

Heimel: Fastsett av Kommunestyret i Rauma kommune (dato) med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30; Lov om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.

§ 1 Målet med skulereglene

Skulereglene skal gjøre skulen til en god plass å være.

Skulereglene skal bidra til at du og medelevane dine trives og lærer på skulen. Reglene skal også bidra til å skape eit godt og inkluderande fellesskap på skulen.

§ 2 Kven gjelder skulereglene for

Reglene gjelder deg som er elev i en av Rauma kommune sine skuler.

§ 3 Elevane sin rett til å bli høyrt

I alle saker som blir handsama etter disse reglene, skal omsynet til eleven sitt beste være grunnleggande.

Skulen skal ivareta elevane sin rett til å bli høyrt i saker som angår dei.

§ 4 Kvar gjelder reglene

Reglene gjelder på skulen, på turar med skulen, på skulevegen og skuleskyssen. Reglene gjelder også i det digitale rommet.

§ 5 Når gjelder reglene

Reglene gjelder i skuletida, når du er på veg til og frå skulen og på skulearrangement.

§ 6 Rettar

Dette er rettene dine på skulen: Du har rett til

- a) å ha det trygt og godt og bli inkludert på skulen
- b) å bli møtt med tillit og respekt
- c) å få si meininga di og å bli lytta til
- d) å få delta i skuledemokratiet og å få være med å påverke skulekvardagen din
- e) å få god og tilpassa opplæring
- f) å få hjelp om du strever med å komme på skulen, strever med å delta aktivt i opplæringa eller strever med å følgje reglene på skulen

§ 7 Plikter

Dette er pliktene dine på skulen

- a) Å delta aktivt i opplæringa og gjøre ditt beste. Dette betyr blant annet at du skal:
 - 1) møte til undervisninga i rett tid og melde frå om du er sjuk
 - 2) gjøre oppgåvane du får

- 3) levere arbeid i rett tid
 - 4) være oppmerksam i timane og delta så godt du kan
 - 5) ikkje være på sosiale media eller forstyrra undervisninga
 - 6) ha med deg utstyr du treng og ha skulesakene i orden
- b) Å møte medelever og vaksne med vennlegheit og respekt

§ 8 Dette er god oppførsel

- a) å være høfleg
- b) å være hjelsam
- c) å være vennleg
- d) å gjere ein god innsats
- e) å være ein god venn

§ 9 Dette er ikkje god oppførsel

- a) å bruke stygge ord
- b) å øydeleggje for andre
- c) å forstyrre undervisninga
- d) å erte eller plage andre
- e) å ta andre sine ting
- f) å true, krenke eller bruke vald mot andre

§ 10 Kva du ikkje kan ha med deg på skulen

Du skal ikkje ha med farlege eller ulovlege ting på skulen.

Mobiltelefonar, smartklokker og andre private kommunikasjonsmiddel skal ikkje brukas i skuletida. Elever som har med slike, leverer disse inn i starten av skuledagen og får dei tilbake igjen når skuledagen er slutt.

§ 11 Skulen, trinnet og klassen sine regler

Skulen kan fastsette egne regler som utdjupar, utfyller og konkretiserer reglene i denne forskrifta. Dette kan for eksempel være eigne klasseregler eller regler tilpassa eventuelle spesielle forhold ved skulen.

Å fastsette eigne regler i klassen, på trinnet og på skulen er ei viktig oppgåve for skuledemokratiet.

Skulereglene skal gjelde det som er viktigast for deg og medelevene dine i skulekvardagen.

Det må ikkje bli så mange regler at det blir vanskeleg å holde oversikt og etterleve reglene.

Reglene som skulen lager kan ikkje innskrenke rettene du har etter skulereglene til kommunen.

§ 12 Dersom du bryt skulereglene

Ved eit eller nokre få mindre brot på skulereglene, kan læraren eller en annan voksen ta dette opp med deg i en samtale. Ved fleire eller grove brot på skulereglene kan skulen bruke ei av reaksjonsformene som er omtalt i §§ 12 og 13.

Dersom du bruker mobiltelefon, smartklokke eller andre private kommunikasjonsmiddel i skuletida, kan skulen ta ifrå deg telefonen eller klokka og låse den inn for resten av dagen. Du skal få telefonen eller klokka tilbake når skuledagen er slutt.

Dersom du forstyrra læringa for de andre elevane, kan læraren endre kvar du sitt i klasserommet, gi deg andre oppgåver eller be deg levere inn gjenstandar som forstyrrar i klasserommet. Dette er eksempel på mindre inngripande tiltak som følgjer av retten skulen har til å organisere og lede undervisninga. Slike mindre inngripande tiltak kan dei vaksne gjennomføre utan at det står nemnt her i skulereglene.

Dei vaksne på skulen skal alltid tenke på korleis dei kan handle til det beste for deg.

Rettene dine, blant annet til å ha det trygt, til å bli høyrt og møtt med tillit og respekt gjelder også om du har brote skulereglene.

Skulen kan ikkje bruke andre tiltak enn dei som er fastsette i denne forskrifta.

Tiltaket skulen sett i verk, skal stå i et rimeleg forhold til regelbrotet. Det vil si at skulen ikkje skal reagere kraftigare enn det er grunnlag for.

Skulen skal følge reglene for god sakshandsaming.

§ 13 Sakshandsaming ved brot på skulereglene

Nedanfor følgjer eksempel på korleis skulen kan reagere om du har brote skulereglene fleire gonger eller på ein alvorleg måte:

Dersom du fleire gonger eller i alvorleg grad forstyrrar undervisninga eller gjer medelevene dine utrygge, kan læraren vise deg ut av undervisninga i inntil to timer. Du skal då få i oppgåve å gjere andre ting på skulen. Dei vaksne på skulen skal være til stede og rettleie deg. Du skal få ei god forklaring på kvifor du ikkje får delta i undervisninga. Dei alternative oppgåvene du får, skal vere slik at du kan lære av dei.

Dersom du på andre måtar har ein oppførsel som bidrar til å gjere skulemiljøet utrygt for medelevane dine, skal rektor eller nokon annan i skuleledelsen ta en samtale med deg. Du kan få ha med deg en du er trygg på i samtalen – det kan være ein annan elev, læraren din, eller ein annan voksen på skulen du stoler på. Du skal få fortelje korleis du opplevde situasjonen. Rektor skal lytte til deg og legge vekt på det du seier. Saman skal dykk legge ein plan for korleis du skal kunne følge reglene på skulen. Rektor skal ta utgangspunkt i at tiltaka skal være til det beste for deg og medelevene dine, og at tiltaka skal auke sjansane for at du følger skulereglene i framtida. Dersom du ikkje forbetrar oppførselen din, skal rektor invitere foreldra dine til en samtale.

Om du ofte bryter en eller fleire av skolereglene, skal kontaktlæraren ta en samtale med deg og foreldra dine. Da skal dykk saman finne ut kva som skal til for at du skal klare å følgje reglane.

Dersom du har øydelagt noko som er andre sitt eller skulen sitt, kan du og foreldra dine bli bedt om rydde opp og/ eller erstatte det som har blitt øydelagt.

Dersom du har med farlege eller ulovlege gjenstandar på skulen, vil skolen ta dei ifrå deg. Farlege eller ulovlege gjenstandar får du ikkje tilbake.

Ved fleire eller grove brot på skolereglene, kan rektor vise deg bort frå skulen. Dette kan til dømes være om oppførselen din går alvorleg ut over tryggleiken eller læringera til ein eller fleire medelever, eller om du bruker vald eller truslar. Skulen skal alltid heller vurdere andre tiltak. Du kan ikkje vises bort ifrå skulen dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.

Er du elev på barneskulen, kan du maksimalt visast bort for resten av dagen. Er du elev på ungdomsskulen kan du maksimalt visast bort for tre dagar. Foreldra dine skal få melding før du blir vist bort for resten av dagen eller lengre, slik at dei kan hente deg.

Bortvising for ein dag, eller meir, vil være eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Lovens regler for sakshandsaming gjeld. Rektor har då plikt til å greie ut og opplyse saka skikkeleg, og til å informere om kva som er lagt til grunn for vedtaket om å utvise deg. Du har rett til å bli høyrt i saken. Du har også rett til å klage på avgjerdta.

Skolen skal ikkje bruke merknader som refsingstiltak, eller reagere med andre tiltak enn dei som er nemnt her i skolereglene. Dialog mellom elev og vaksne er viktig.

§ 14 Skuledemokratiet

Skulen skal hjelpe elevane i arbeidet med skuledemokratiet, slik det står i § 10-4 i opplæringslova. Skulen skal legge til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skuledemokratiet.

Skulen skal ha eit elevråd og eit foreldreråd, slik det står i § 10-5 i opplæringslova. Elevane kan velgje å organisere seg på ein annan måte. Det kan foreldra også. Om elevane eller foreldra ønsker ei anna organisering, skal dette bli fastsett i skulen sine egne regler.

Skulen skal også ha eit samarbeidsutval. Utvalet gir råd og kommer med forslag til skuleledelsen. Utvalet skal få være med på å planlegge, gjennomføre og vurdere skulens verksemd, blant annet arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetting av skuleregler. Utvalet skal ikkje handsame saker som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Samarbeidsutvalet skal bestå av seks eller ni personar: like mange elever, foreldre og tilsette. I tillegg møter rektor som sekretær for utvalet. Elevane har møte-, tale- og forslagsrett i

samarbeidsutvalet, men ikkje møteplikt. Elevane kan melde inn og forberede saker til utvalet. Foreldre, lærarar og skuleledelsen kan også melde inn og førebu saker til samarbeidsutvalet.

Rektor og ein av foreldra har saman ansvar for å kalle inn, sende ut sakspapir og skrive referat ifrå møtet. Utvalet skal ha minst fire møter i året. Utvalet avgjer sjølv når på året det skal utnemnast nytt utval. Samarbeidsutvalet kan utforme egne regler om korleis arbeidet i utvalet og samarbeidet mellom skulen og heimen skal skje. Samarbeidet må uansett oppfylle minstekravet i opplæringslova med forskrifter.

Rauma kommune har også eit kommunalt brukarråd for skuleområdet. Dette er vedtatt i «Retningslinjer for Brukerråd i Rauma kommune» og vedtatt av kommunestyret 16.12.2016 og revidert 06.04.2022. Dette brukarrådet er samansett av FAU-leiar frå den enkelte skule, samt elevrådsleiar ved kvar ungdomsskule.

§ 15 Vurdering

Din orden og oppførsel skal vurderast ut ifrå skulereglene. Kva du kan i faga skal ikkje tas med i denne vurderinga.

Orden heng saman med om du kjem i tide, er forberedt og gjer skulearbeidet ditt.
Oppførsel heng saman med om du viser omsyn og respekt for andre.

Vurderinga i orden og oppførsel skal bidra til at du lærer sosiale ferdigheiter, at skolemiljøet blir trygt og godt, og at du får vite kva som er god orden og oppførsel. Du skal bli gjort kjent med skulereglene.

I vurderinga skal det tas omsyn til forutsetningane dine. Det skal ikkje leggast avgjerande vekt på enkelthendingar, med mindre dei er særleg klanderverdig eller grove.

§ 16 Når trer reglene i kraft

Desse skulereglene trer i kraft xx.xx.xxxx

Ordensreglement vedtatt av Rauma kommunestyre 10.05.2011 er samtidig oppheva.